



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 25.11.2014

Sak nr.: 14/6896-3

Internt l.nr.: 37702/14

Sak: 30/14

Tittel: Høyring - framlegg til endringar i privatskulelova

Behandling:

Fylkesdirektøren for opplæring la fram legg saka utan tilråding.

Endringsframlegg:

Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti kom med følgjande framlegg til vedtak:

Det offentlege skuletilbodet tilbyr eit opplæringstilbod som skal gi alle eit likeverdig tilbod i samsvar med til ei kvar tid gjeldande lovverk. Det store fleirtal nyttar seg av det offentlege skuletilbodet.

Privatskular og frittståande skular er i dag eit supplement til det offentlege tilbodet. Kriteria for oppretting og drift av privatskular og frittståande skular er regulert av lovverket.

Framlegg til endring av privatskulelova legg til rette for to nye godkjeningsgrunnlag for friskular. Vidaregåande yrkesfagskular og profilskular vil vere godkjeningsgrunnlag som gjev eit vidare og meir generelt grunnlag for drift av privatskular og frittståande skular, i høve kva gjeldande lovverk tillet.

Sogn og fjordane Fylkeskommune ser positivt på at det vert arbeidd med å utvikle nye og alternative utdanningstilbod, men ynskjer at dette skal skje innafor ramma av det offentlege skuletilbodet, og vil difor frårå at det vert lagt til rette for godkjeningsgrunnlag for vidaregåande yrkesfagskular og privatskular som nye grunnlag for frittståande skular.

Det offentleg oppbygde og drifta tilbodet for vidaregåande opplæring er nøye oppbygd og tilpassa, for å gje eit tilbod som er likeverdig og tilpassa lovkrava om breidde i tilbodsstruktur.

Ei lovmessig opning for større innslag av private- og frittståande skular, vil kunne vere utfordrande for struktur og tilbodsheilskap for vidaregåande opplæring, dette særleg i distriktsfylka og mindre tettbygde område i landet.

Høgre og Venstre fremma følgjande framlegg til vedtak:

Hovudutvalet for opplæring har ikkje særlege merknader til framlegget til endringar i privatskulelova.

Avrøysting:

Det vart røysta høvesvis over endringsframlegga:

Karianne Torvanger (Ap), Henrik Oppen (Ap), Nils P. Støyva (Ap), Gunn Åmdal Mongstad (Sp), Per Atle Kjøllesdal (Sp) og Norvall Nøringset (SV) stemde for framlegget frå Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti.

Karl-Eric Melander (H), Noralv Distad (H) og Alfred Bjørlo (V) stemde for framlegget frå Høgre og Venstre.

Framlegget frå Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vart vedteke med 6 mot 3 røyster.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Det offentlege skuletilbodet tilbyr eit opplæringstilbod som skal gi alle eit likeverdig tilbod i samsvar med til ei kvar tid gjeldande lovverk. Det store fleirtal nyttar seg av det offentlege skuletilbodet.

Privatskular og frittstående skular er i dag eit supplement til det offentlege tilbodet. Kriteria for oppretting og drift av privatskular og frittstående skular er regulert av lovverket.

Framlegg til endring av privatskulelova legg til rette for to nye godkjeningsgrunnlag for friskular. Vidaregåande yrkesfagskular og profilskular vil vere godkjeningsgrunnlag som gjev eit vidare og meir generelt grunnlag for drift av privatskular og frittstående skular, i høve kva gjeldande lovverk tillet.

Sogn og fjordane Fylkeskommune ser positivt på at det vert arbeidd med å utvikle nye og alternative utdanningstilbod, men ynskjer at dette skal skje innafor ramma av det offentlege skuletilbodet, og vil difor frårå at det vert lagt til rette for godkjeningsgrunnlag for vidaregåande yrkesfagskular og privatskular som nye grunnlag for frittstående skular.

Det offentleg oppbygde og drifta tilbodet for vidaregåande opplæring er nøye oppbygd og tilpassa, for å gje eit tilbod som er likeverdig og tilpassa lovkrava om breidde i tilbodsstruktur.

Ei lovmessig opning for større innslag av private- og frittstående skular, vil kunne vere utfordrande for struktur og tilbodsheilskap for vidaregåande opplæring, dette særleg i distriktsfylka og mindre tettbygde område i landet.